

Forskrift om skulereglar Vindafjord kommune

Fastsett av Vindafjord kommunestyre 18. juni 2024, sak 038/24, med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) §10-7. Dei lokale reglane er vedteken i Samarbeidsutvalet 23.10.24.

§1 Formål og verkeområde

Reglane skal bidra til at barn og unge i grunnskulen har eit trygt og godt skulemiljø der dei trivst, lærer og opplever å høyre til i fellesskapet.

Forskrifta gjeld for alle elevar i grunnskulen både i skuletida, på skulevegen, på SFO og ved arrangement under leiing av skulen.

§2 Omsynet til eleven sitt beste og retten til å bli høyrte

I alle saker som vert handsama etter desse reglane skal omsynet til eleven sitt beste vere grunnleggande. Skulen skal også ta i vare eleven sin rett til å bli høyrte.

§3 Åtferd

Alle skal visa omsyn og respekt for andre og eigendelane deira, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller andre personar på skulen.

Det er ikkje lov å bruka eller ta med nokon form for rusmidlar på skulen.

§4 Undervisningssituasjonen

Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevar skal møte førebudde, vera punktlege, visa god arbeidsinnsats, ha med nødvendige læremiddel og følgja opp avtalt arbeid.

§5 Eigedom

Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.


§6 Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon

Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon skal ikkje nyttast i skuletida og SFO.

Tilsett kan gi unntak i samband med undervisning.

§7 Konsekvensar ved brot på skulereglane

1. Samtale med eleven
2. Mobiltelefon kan bli dregen inn og oppbevart til slutten av dagen. Rusmiddel og farlege gjenstandar som vert tekne inn blir utlevert til føresette om dei ber om det (dette i tråd med retningslinjene til Udir).
3. Melding heim, skriftleg eller munnleg. Eleven skal vera orientert ved melding eller merknad.
4. Samtale med elev og foreldre/føresette
5. Eleven kan i ein periode få avgrensa rettar på skulen.
6. Ved gjenteken bruk av mobiltelefon eller klokke med meldingsfunksjon kontaktar skulen heimen.
7. På ungdomsskulen skal det vurderast om brotet fører til nedsett karakter i orden eller åtferd (jmfr. Vurderingskriteria i orden og åtferd).
8. Utvising frå skulen etter gjeldande reglar (jmfr. Opplæringslova §13-1)



”Kommunen kan fastsetje i skulereglane at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen.

Rektor/einingsleiar sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor/einingsleiar bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.”

ELEVEN HAR RETT TIL Å UTTALA SEG / BLI HØYRT FØR TILTAK VERT SETT I VERK.

§8 Lokale konkretiseringar

Ved Skjold skule gjeld desse lokale reglane:

8.1 Uteområdet:

Skuleområdet er avgrensa av Skjold stadion 2 (den minste kunstgrasbanen), gangvegen opp til Bygdahuset og dei nedre hushjørnene, ballbingen, løpebanen rundt Skjold stadion 1 (den største kunstgrasbanen), Kyrkjevikvegen (vegen ned til Skogland), gjerdet på austsida av skulen. Det er lov å vere i bakken/ «skogen» mellom ballbingen og Skjold Arena.

8.2 Friminutta:

Elevane på barnetrinnet skal vera ute i friminutta dersom ikkje lærar har bestemt noko anna for enkeltfriminutt eller enkeltdagar.

Elevane på ungdomstrinnet har eigne reglar for opphald inne i friminutta. Brot på desse vil føra til ordens - eller –åtferdsmerknader, og kan medføre at ein ikkje får vere inne.

Yttertøy og sko skal takast av på gangen, og setjast/ hengjast på plass før timen.

10.klasse har lov til å gå kvar dei vil i storfriminuttet, så lenge dei er tilbake når neste time startar.

Denne retten kan bli teke bort utan forvarsel dersom det ligg mykje søppel i vegen, eller det skjer andre uønska episodar. Elevar skal ikkje følgje minibussar/skuleskyss ned til Kiwi.

For andre elevar er det kontaktlærar som avgjer om elevar kan gå utanfor skuleområdet ved særskilde høve.

8.3 Leik:


Vaksne skal stoppa farleg leikeaktivitetar. Rektor eller inspektør kan avgjera at enkelte leiker ikkje skal kunne nyttast. Pr. i dag gjeld desse avgrensingane for leik:

Rulleskøyter, rullebrett, BMX og sparkesykkel i skateparken, under føresetnad av at verneutstyr (minimum hjelm) blir brukt. Elektriske variantar av desse skal ikkje brukast.

Ikkje klatring i tre der det er risiko for å falla ned på asfalt eller murkantar.

Det skal ikkje kastast snøball.

Rektor/inspektør eller lag kan avgjere at enkelte leikeaktivitetar ikkje kan nyttast.



8.4 Sykling:

Syklar og sparkesyklar skal stå i/ved dei utplasserte sykkelstativa. Sykkel og motoriserte køyretøy skal ikkje nyttast i skuletida. Kontaktlærer kan gje unntaksløyve. Mopedar skal parkerast på skulen sin parkeringsplassen.

8.5 Snop, m.m.:

Snop med meir, skal ikkje nyttast på skuleområdet, utan ved særskilde høve. Elevar i 5.-10. klasse har lov å ha med tyggegummi.

8.6 Telefon

Det er ikkje lov å bruka mobiltelefon i skuletida, utan etter avtale med lærar. På ungdomsskulen skal telefonen låsast inn i mobilhotell når skuledagen startar. Den skal leverast ut etter siste time. På barneskulen skal telefonen vera ute av syne og slått av eller i lydlaus-modus. Mobiltelefonen må aldri brukast på ein måte som skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller vaksne på skulen.

8.7 Kopi- og materialrom:

Elevar skal ikkje bli sendt for å henta materiell på materialrommet. Før utskrift eller kopiering skal ein spørje lærar om lov, og berre skrive ut det som er nødvendig i skulearbeidet. Fargeutskrifter skal berre brukast til ferdige produkt som skal presenterast.

8.8 Skuleveg og buss:


Elevane skal stilla opp i køar ved busshaldeplassen på skulen. 1.klasse skal alltid stå først i køen, deretter resten av småskulen.

Presisering når det gjeld mobiltelefon

Skuletida når det gjeld mobiltelefon er: Frå skuleklokka ringer inn til første time, fram til det ringer ut etter siste time. Telefonen skal ikkje takast fram i timar eller friminutt utan etter avtale med tilsette.

§9 Iverksetjing og opphøyr

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024



Til heimen:

Gå gjennom skolereglane for Skjold skule, skuleåret 2024-25, med barna dykk.
Foreldre signerer her og sender dette arket attende til skulen.

Eg har gått gjennom skulereglane med mitt barn.

Dato

Namn

